



## VILKÅR FOR NY FRAMTIDSRETTE VERKSEMD PÅ SØR-VESTLANDET

<p><b>Omstilling ved grønt og smart skifte</b></p>	<p><b>Noreg og særleg Sør-Vestlandet treng vilkår for ny verdiskaping. Ny vekst må støtta opp om det grønne skifte og det smarte skifte.</b> Omstillingsoppgåvene peikar mot meir <a href="#">kunnskapsøkonomi</a>. Å legge aktivt til rette for ein ny databasert verksemd på Sør-Vestlandet kan gi ein Kinderegg-effekt: Auka vekst og sysselsetting, grønt og smart skifte og betre samfunnstryggleik.</p>	
<p><b>Data-senter industrien</b></p>	<p><a href="#">Ciscos Global Cloud Index (GCI)</a> seier at datasenterindustrien vil tredobla sin aktivitet mellom 2013 og 2018. Innan 2018 vil truleg 76 prosent av all datasentertrafikk koma frå skytenester. Bransjen er ei potensiell klimabombe om ho skal drivast av <a href="#">skitten kraftmiks</a>. Dette gjer etablering av datasenter i kosteffektive, stabile miljø som Noreg til ei potensiell langsiktig vekstnæring. Grøn kraft, robuste straumnett, <a href="#">mørk fiber</a>, gode areal og politiske ramevilkår er dei viktigaste innsatsfaktorane. Næringa kan bygga på eksisterande kraftressursar og kompetanse i Noreg for å skapa ein ny kunnskapsindustri og ny verdiskaping i regionar.</p>	
<p><b>Kvifor satse nå?</b></p>	<p>Ryfylke, Rogaland og resten av Sør-Vestlandet er ideelt plassert for å ta del i denne vekstindustrien gjennom:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ Nærleik til Europa og dei store marknadane</li> <li>✓ Stort overskot av grøn fornybar energi med <a href="#">låge prisar</a> og <a href="#">fritak for elavgift</a> for datasenter med forbruk over 5MW</li> <li>✓ Ideelt klima og tilhøve for naturleg kjøling</li> <li>✓ God kompetanse og lang erfaring frå drift av kritiske og krevjande IT løysingar innan olje, gass og prosessindustri som nå skal over i <a href="#">industri 4.0</a></li> <li>✓ Kompetansemiljø og erfaring innan logistikk og konstruksjonar</li> <li>✓ Stabilt politisk miljø og god internasjonal rating å <a href="#">«ease of doing business»</a></li> </ul>	
<p><b>Manglar i Noreg</b></p>	<p><b>Mangel på tilstrekkeleg, diverse og <a href="#">redundante</a> fiber er ei svakheit for Noreg.</b> Me har nok kapasitet gjennom delte nettverk, men for svake fiberprodukt til å møta kundekrav. <a href="#">Me tapar kundar på feil og kostbar fiber i Noreg</a> hevdar dei som kjennar bransjen. Datasenteraktørar er viljug til å betale for mørk fiber for å sikra full kontroll på eigen datatrafikk til og frå dataentra. Rask tilgang til enkle og konkurransedyktige fiberløysningar frå fleire leverandørar har vist seg å vera ein føresetnad i <a href="#">nabolandet</a> vårt. Det vil det også vere i Noreg.</p>	
<p><b>Nye fiber-strukturar</b></p>	<p>1. Etablera nye fibersjøkablur til England og Tyskland frå Rogaland og Sørlandet for å sikra Noreg betre redundans og diversitet</p> <p>3. Sikra tilgang til mørk og lys fiber i Statnett sine nye fibernettverk som kjem som følgje av <a href="#">nettutviklingsprosjekta i Sør-Norge</a> (stipla linjer = potensielle sjøkablur. kostnadsbilete: 300-500 mill NoK per. <a href="#">prosjekt</a>)</p>	
<p><b>Oppgåver som må løysast</b></p>	<p>Skapa nye vilkår for etablering av grøn datasenterindustri i Noreg ved tydeleg politisk prioritering gjennom planlegging og etablering av mål og verkemiddel for offentleg og/eller private investeringar i naudsynt infrastruktur.</p> <p>Innan 2-4 år kan Noreg bli ein konkurransedyktig internasjonal aktør om me:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Stimulerer etablering av i fiber mellom Noreg og England og/eller Tyskland for å skapa sterkare redundans og diversitet i fibernettet til og frå Noreg.</li> <li>• Sikrar betre planlegging, styring og kontroll på utvikling av kjernenettet i Noreg.</li> <li>• Truverdig og pro-aktiv handtering av Noregs <a href="#">digitale sårbarhet</a></li> <li>• Utviklar eit tydeleg politisk leiarskap og vertskap etter <a href="#">svensk og finsk modell</a> som stimulerer utvikling og bygger tillit til Noreg som etableringsstad for grønne datasenter og anna databasert næringsverksemd</li> </ul>	
<p><b>Kontakt og meir info</b></p>	<p>Ryfylke IKS v/ Ketil Barkved, tlf: 917 66 096 e-post: <a href="mailto:ketil.barkved@ryfylkeiks.no">ketil.barkved@ryfylkeiks.no</a>  Ryfylke IKS v/ Espen Thompson, tlf: 982 32 956, e-post: <a href="mailto:espen.thompson@inosa.no">espen.thompson@inosa.no</a>  Nettbasert presentasjon: <a href="https://sway.com/AOTtKQesa2d498de">https://sway.com/AOTtKQesa2d498de</a></p>	